



Til stade: Renate Vognsen (Lye skule), Kjetil Horvei (Lye ungdomsskule), Frode Hagerup (Frøyland skule), Anne Siri Fløtre (Frøyland ungdomsskule), Kristian Hognestad (Hognestad skule), Jarl Ove Frivold (Bryne skule), Marte Ødegaard Sørmarken (Rosseland skule), Anne Grethe Hustoft Flataukan (Bryne ungdomsskule) Ranveig Undheim (Utval for levekår).

Meldt fråfall: Undheim skule, Bjørghild Underhaug (Utval for levekår)
Ikkje møtt: Øyvind Opstad (Vardheia ungdomsskule)

Referat frå Kommunalt foreldreutval torsdag 20.02.2025

1. Omstilling i Oppvekst i Time kommune, kva konsekvensar får det for skulen.

Kriteria for tiltak som er valde: Det er Strategiplan Oppvekst 2023-2029 som er bakgrunn for arbeidet som er gjort. Me har sett på lovpålagde og ikkje lovpålagde oppgåver og me har vurdert konsekvensar for barns beste i alle tiltaka. Tiltak som er prioriterte skal sikra fortsatt kapasitet i arbeidet med tverrfagleg samarbeid om barn og unge i skule. Desse tiltaka blir lagt fram til politisk behandling i mars:

- Reduksjon av 60 % årsverk knytt til fleirspråklege elevar og digitalisering i stab. Dette tiltaket går ikkje direkte ut over elevane i klasserommet, men vil kunna føra til meirarbeid for lærarane og leiinga. Indirekte vil det også kunna gå ut over kvaliteten i opplæringa til elevane.
- Reduksjon av 30% leiing i tråd med vedtak i kommunestyret i vår. Dette gjeld avdelingsleiarstillinga ved Hognestad skule som blir fjerna. Dette vil ikkje gå direkte ut over elevane i klasserommet, men rektor på Hognestad har ikkje avdelingsleiar å samarbeida med om drift og pedagogisk utvikling. Dette blir gjort med bakgrunn i vedtak frå kommunestyret 20.mai 2024 der det blei vedteke at *Hognestad skule blir heretter tildelt midler på lik linje med dei andre skulane i kommunen. Beparelsen vert brukt til å finansiere ny tildelingsmodell.*
- Reduksjon av 3,68 stillingar brukt til funksjonar og OSR på skulane. Alle skulane har funksjonsstillingar som dekker oppgåver som ikkje går direkte på undervisning i klasserommet. Funksjonsstillingane blir brukte som støtte til lærarane i det praktiske arbeidet. Døme: iPad- ansvarleg har ansvar for vedlikehald, forsikringssaker, teknisk hjelp osv til elevar på eitt trinn eller ein skule. Dersom det blir brukt to timar i veka til dette, har ikkje læraren undervisning desse to timane. Ein annan lærar kan ha i oppgåve å drifta skulebiblioteket (rydding, utlånssystem o.l) og skal bruka tre timar på dette i staden for å undervisa. Tiltaket vil føra til meirarbeid for lærarane. Dei må gjera desse oppgåvene i tillegg til full undervisning. Leiinga ved skulen får fleire arbeidsoppgåver. Alle skulane har ein operativ sosialfagleg ressursperson (OSR) som støtte direkte ut mot elevar som treng ekstra sosialfagleg hjelp. Det er miljøveiledarar som har desse stillingane.

Den operative kapasiteten til å gå inn ved behov for å støtta elevar i fellesskapet blir redusert. Denne reduksjonen vil også påverka samarbeidet med andre instansar og då særleg ungdomsteamet som jobbar med elevar også på fritida.

- Reduksjon av 1 årsverk knytt til lokal avtale ved Bryne kompetansesenter. Bryne kompetansesenter tilbyr norskopplæring for vaksne og har elevar frå Time, Klepp og Hå. Lærarane som underviser ved BKS har hatt ei undervisningsplikt på 606 årstimar i alle fag. Dette er det same som årstimane i norsk på ungdomstrinnet. I 2022 inngjekk Utdanningsforbundet og KS eit forlik om at årsramma for undervisning i norsk og samfunnskunnskap etter integreringslova er 664 årstimar. Dette fører til at lærarar som underviser i norsk og samfunnskunnskap etter integreringslova får auka årstimetalet med undervisning med 58 timar.
- Reduksjon av kommunalt bidrag til SFO. SFO er sjølvfinansiert og blir driven av foreldrebetaling, ut over gratis kjernetid. Det blir i tillegg tilført midlar frå Time kommune til barna som treng styrking i den tida dei er i SFO. I år er denne potten på 4,1 mill kroner, og den blir nedjustert til 3,6 mill kroner. Tiltaket vil kunna ha direkte innverknad på enkelte barn. Barn som er sårbare, eller har behov for ekstra støtte eller hjelp, kan oppleve at det ikkje er same tilgang til vaksne som før.

Ingen av desse tiltaka går ut over lovpålagde oppgåver i skulen og i møtet gjekk også gjennom kompenserande tiltak for alle forslaga.

Innspel frå KFU- uroa over at det blir reduksjon i OSR stillinga som dei opplever som svært viktig for elevane. Det blei også stilt spørsmål til reduksjonen i leiinga ved Hognestad skule, kvifor gjeld dette ikkje alle dei små skulane som har same ressurs til avdelingsleiar som Hognestad? Det blir vist til politisk vedtak frå mai 2024. Føresette spør også etter kva tid ein i skulen må sjå på lovpålagde oppgåver i den vidare omstillingsprosessen som kommunen legg opp til.

2. Tildelingsmodellen- gjennomgang av kriteria for ressurstildeling til skulane

Det er politisk vedtak om at Time kommune skal innføra ny tildelingsmodell i skulen etter modell frå Sandnes og Sola. For at denne modellen skal få ønska verknad, måtte det tilførast kr. 10 mill til budsjettet for skulen. På grunn av den økonomiske situasjonen Time kommune er i nå, blei dette ikkje gjort. Modellen får ikkje den effekten som er tenkt.

Ressursane til skulane blir fordelte etter desse hovudpunkta:

- Leiing- alle skulane har rektor i 100% og avdelingsleiar etter skulestorleik
- Lærarnorm- 1 lærar per 15 elevar på 1.-4. trinn og 1 lærar per 20 elevar på 5.-10. trinn.
- Tilpassa opplæring- ressursar som skal brukast til tilpassa opplæring for alle
- Elevar med store behov- etter anbefaling frå Ppt
- Avtaleverket for lærarane- ressursar som skal brukast til å letta lærarane sin arbeidsbyrde, fordelt etter elevtal på skulane.

3. Gratisprinsippet og klassekasse

Opplæringslova §2-5 er tydeleg på at grunnskuleopplæringa skal vera gratis for alle. I Time kommune har dette vore praksis:

- Frivillig innbetaling til klassekasse, føresette har konto
- Pengane skal koma alle elevane i klassen til gode

Det finst diverse tilbydarar som har ordningar for eigen klassekonto, men her kjem det kostnader til konto i tillegg.

Innspel frå KFU: dette vert gjort på fleire måtar: kontantar i konvolutt, spleis, vipps osv.

Føresette som har barn som skal på leirskule har vore i kontakt med Frilager for å låna utstyr, og dette inneber ein kostnad. Dersom skulen leiger frå Frilager er det gratis. Er det mulig at skulen/lærar organiserer dette før evt leirskular?

4. Visma

Skulane i Time har ulike innstillingar på varslar til føresette i Visma Flyt skule. Alle får varslar på fråver, men ikkje på anmerkningar og vurderingar. Her varierer det kva den enkelte skule har valt å leggja inn varslar på.

Innspel frå KFU: Nokre opplever at brukargrensesnittet ikkje er godt i VFS. Det blir og reagert på at føresette ikkje har fått varslar på anmerkningar og heller ikkje høyrer noko frå lærar om dette. Føresette ønsker å følge opp barna sine, og det er vanskeleg når dei ikkje veit kva som skjer. Skulesjef tar dette opp med rektorane på skulane, og representantane tar det opp i Fau ved den enkelte skule dersom dei ønsker det.

5. Skulekrinsar- vedtak frå kommunestyremøte 19.02.25.

Det vart lagt fram nytt forslag til vedtak om at ein skal ha fritt skuleval frå 1.-7 trinn og faste kringsgrenser frå 8.-10. trinn. Forslaget vart vedteke.

Dette inneber at Fagstab oppvekst må endra litt på forskrifta som skal følge det nye vedtaket.

Innspel frå KFU- eit innspel som går på at administrasjonen må bruka meir folkeleg argumentasjon når sakspapir går til innbyggjarane, ein må tenke nøye gjennom samarbeid og konfliktnivå i alle saker. Ein bør sørge for å få tilbakemeldingar tidleg i prosessen på at saksframlegg blir oppfatta slik som det er tenkt.

Sivdambassenget- Det blei også vedteke at ein skal setja av kr. 18,6 mill til rehabilitering av Sivdambassenget. Det skal stå ferdig til bruk etter haustferien 2025.

Fagstab har undersøkt med andre kommunar om å leiga bassengt i basseng som passar for dei minste, men nabokommunane har ikkje kapasitet. Det er heller ikkje mogleg å nytta bassenget på Bryne ungdomsskule for dei minste. Det er for kaldt og for djupt for dei som ikkje kan symja.

Fagstab oppvekst arbeider med planar for korleis ein skal fordela tida i bassenget etter opning. Det er eit kompetansekrav på 4. trinn at elevane skal vera symjedyktige. 2.-4. trinn vil bli prioriterte hausten 2025, slik at dei får meir tid i bassenget enn normalt. Skulane vil måtta gjera om på timeplanane for å få dette til. Ein jobbar også med å finna fleire muligheter for at dei minste får tid i bassenget. Føresette må også ta eit ekstra ansvar for symjeopplæringa til borna sine.

5. Eventuelt

Lyeskulane informerte om at dei hadde hatt oppvekststeam på Lye. Deltakarar var lag og organisasjonar på Lye, mekkeklubben, fritidsklubben, U- 18 i politiet, ungdomsteamet, SLT koordinator, natteravnskoordinator, Fau og rektorar. Det har vore ei utfordring på Lye med barn/ungdom som har drive hærverk, fyrt opp rakettar og laga ein del uro i befolkninga elles. Det er viktig å få tatt dette ved rota, slik at det ikkje utartar seg. Nokre av tiltaka som kom fram var bla anna: oppstart av natteravnar og oppfordring til føresette om å gå turar i områda der barn og unge samla seg. Fau-leiarane ved dei to skulane var svært nøgde med møtet og opplevde at det blei tatt tak i utfordringane.

Fau-leiar ved Frøyland ungdomsskule informerte om tolærarsystemet på skulen, og held dette fram som eit døme på god bruk av ressursar i skulen. Ho oppfordra også Time kommune til å ta kontakt med Stavanger kommune i samband med beredskap som gjeld alvorlege hendingar i skulen. I Stavanger hadde dei hatt ulike spel og godt samarbeid med politiet på skulane for å øva på

krisesituasjonar. Det vart etterspurt beredskapsplanar for Time kommune. Alle skulane har beredskapsplanar med tiltakskort for skarpe hendingar.

Neste møte i KFU er onsdag 30.05.25 kl. 18.00

Marthe Ødegaard Sørmarken, ref.